

Mottakrarar i følge liste

Vår ref.
26/15142

Dato
09.07.2026

Høyring: Forskrift om opning for bruk av restlysførsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Gloppen kommune

Administrativt vedtak

Det er gjort slikt vedtak i saka

Gloppen kommune legg framlegg til Forskrift om opning for bruk av restlysførsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Gloppen kommune ut på høyring med 19. august 2026 som høyringsfrist.

Vedtaket er heimla forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a.

Saksopplysningar

Landbruks- og matdepartementet fastsette 26.06.2026 endringar i jaktutøvningsforskrifta, sjå <https://lovdata.no/LTI/forskrift/2026-06-26-1380>. Dette vart gjort på bakgrunn av behov for tilpassingar i forskriftsverket i samband med at den nye Viltressurslova skulle tre i kraft 1. juli 2026. I den nye viltressurslova er det lagt inn forbod mot bruk av restlysførsterkande og termiske siktemiddel ved jakt (§ 26).

Det betyr at fram til Kommunestyret eventuelt vedtek lokal forskrift (i midten av september), er det ikkje lov å jakte med restlysførsterkande og termiske siktemiddel på hjortejakt i Gloppen kommune.

Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst (jaktutøvningsforskrifta) § 29a, 4. ledd seier at *For å avverge alvorlig skade på natur- eller samfunnsinteresser som følge av høy bestandstetthet, kan kommunen i forskrift åpne for bruk av restlysførsterkende og termiske siktemidler ved jakt på hjort. Bruken av restlysførsterkende og termiske siktemidler skal avgrenses til jakt i åpent terreng. Kommunen skal vurdere behovet for videreføring av en slik forskriftsregel hvert femte år. Kopi av vurderingen skal sendes Landbruksdirektoratet. Jegeren*

skal rapportere bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret.

Bakgrunn for framlegg til lokal forskrift

Gloppen kommune sendte inn høyringsuttale til endringane i jaktutøvingforskrifta der behovet for restlysforsterkende og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort var drøfta. Samfunnsutvalet tilrådde at teksten i § 29a fjerde ledd vart endra slik at bruk av slike siktemiddel vert tillate ved jakt på hjort på dyrka jord, definert som fulldyrka eller overflatedyrka areal i AR5/gardskart. Høyringsinnspelet er vedlagt.

Administrativt fagnettverk for viltforvaltarar i Sunnfjord, Nordfjord og deler av Sunnmøre har også vurdert behovet for restlysforsterkende og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort i høyringsuttale til jaktutøvingforskrifta, sjå vedlegg. I denne uttalen står det meir uttømande fagleg vurderingar av behovet.

Vurdering

Forskrifta har som mål at restlysforsterkende og termiske siktemiddel framleis skal vere lovleg til hjortejakt i ope terreng. Utfordring med skade frå hjort på innmark er stor fleire stader i kommunen og administrasjonen vurderer difor at det ligg eit særskilt behov for å regulere hjortebestanden der utfordringane er størst.

Departementet har ikkje fastsett nokon overgangsordningar for innføring av endringane som gjeld bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort.

For å vurdere samordning av lokale forskrifter (om restlysforsterkende og termiske siktemiddel) på tvers av kommunegrenser har framlegget vore drøfta i administrativt fagnettverk for viltforvaltarar, den 2. juli 2026. Viltforvaltarane der var einige om at det vil vere tenleg med mest mogeleg like forskriftstekstar mellom kommunane. Dette for at det ikkje skal verte uoversiktleg for jegerar (og jaktrettshavarar) å halde seg orientert om kva regelverk som gjeld. Utifrå dette meiner viltforvaltarane at det vil vere tenleg å nytte seg av tekstlege formuleringar som samsvar med dei departementet har nytta i jaktutøvingforskrifta. Forskriftsteksten, i høyringsframlegget, er utarbeidd med dette som utgangspunkt.

Forslag til forskrift ligg som vedlegg.

Høyringsperioden er på seks veker og **høyringsfristen er 19.08.2026.**

Oppsummert

Gloppen kommune gjer eit administrativt vedtak, i samråd med ordførar, om å legge eit framlegg til lokal forskrift om opning for bruk av restlysforsterkende og termisk siktemiddel ved jakt på hjort i Gloppen kommune på høyring med frist 19. august 2026.

Innspel må vere skriftleg og sendast til Gloppen kommune med adresse Grandavegen 9, 6823 Sandane eller ved [eDialog](#).

Ta kontakt om noko er uklart.

Vennleg helsing

Lindis Bergland Østgård
utmarksforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Vedlegg

Forskrift om opning for bruk av restlysførsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Gloppen kommune	1680338	08.07.2026
Høyringsinnspel til forslag til nye forskrifter og endringer i eksisterende forskrifter på viltområdet	1680339	08.07.2026
Oversendt Høyringsuttale viltforskrifter heimla i ny viltressurslova adm. fagnettverk	1680340	08.07.2026

Mottakarar

Alf Erik Røyrvik	Røyrvikvegen 100	6829	HYEN
Arne Frode Øvreseth	Sæthre	6826	BYRKJELO
Bjørnar Eikenes	Eikenes 14	6828	HESTENESØYRA
Breim Bondelag	c/o Arne Frode Øverseth Fjellvegen 346	6826	Byrkjelo
Daniel Skjerdal	Skjerdal	6828	HESTENESØYRA
Fred Anton Mykland	Tovhusvegen 8	2618	LILLEHAMMER
Gloppen Bonde- Og Småbrukarlag		6823	Sandane
Gloppen Bondelag		6823	Sandane
Gloppen Ettersøksring	c/o Alf Erik Røyrvik Røyrvikvegen 100	6829	Hyen
Gloppen Jeger- Og Fiskarlag	c/o Inger-Margrethe E. Sørland Bjørnarheimsura 18C	6826	Byrkjelo
Hyen Bondelag	Hyevegen 4060	6829	Hyen
Hyen Jeger Og Fiskarlag	v/ Geir Kjetil Aa Hope	6829	Hyen
Jakob Devik	Devik 132	6828	HESTENESØYRA
Jan Arve Søvde	Breimsvegen 2178	6826	BYRKJELO
Johannes Dale	Hunskorvegen 2	6827	BREIM
Jon Bjørn Fløtre	Breimsvegen 1626	6826	BYRKJELO
Kristian Mardal	Mardal	6823	SANDANE
Lars Mikal Torheim	Torheimsvegen 1903	6774	NORDFJORDEID
Linn Agnete Hunskår	Hunskorvegen 86	6827	BREIM

Mottakarar

Magne Osmundnes	Hyevegen 1940	6829	HYEN
Martin Mettenes	Hestenenes 62	6828	HESTENESØYRA
Nils Magne Gjengedal	Gjengedal	6829	HYEN
Rune Vereide	postboks 155	6823	SANDANE
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Steffen Hestenenes	Hestenenes 35	6828	HESTENESØYRA
Svein Ryssdalsnes	Kreklingen 16	6823	SANDANE
Torgrim Øvrebø	Støyvavegen 49	6826	BYRKJELO
Vestland Fylkeskommune	Askedalen 2	6863	Leikanger